



Surnadal kommune
Næring, bygg og miljø



200803886-35
A:315
RINDAL
PORTEN TIL TROLLHEIMEN



KV/EMB

NVE
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Dvkkr ref:

Vår ref
2009/1655-79

Saksbehandlar
Bodil Gjeldnes

Dato
16.01.2013

Vilkårsrevisjonsprosessen i Trollheim kraftverk - Surnadal og Rindal kommunar

Vi viser til NVE sitt vedtak av 11.04.2012 om oppstart av revisjonssak for Trollheim kraftverk, dvs. Kgl.res. av 21.12.1962: Statsregulering av Folla-Vindølavassdragene mv. i Trollheimen med tilhøyrande planendringar: dep.samt.08.01.1965 og kgl.res.01.07.1966. I vedtaket blir regulanten Statkraft bedt om å utarbeide eit utkast til revisjonsdokument innan 18.08.2012.

NVE opplyser pr. e-post til Surnadal kommune i november 2012 at Statkraft har oversendt eit utkast til revisjonsdokument, riktignok lite konkret, i påvente av nyeste resultat frå pågåande ferskvassbiologiske undersøkingar i Surnavassdraget. Statkraft har vidare opplyst at det vil bli gjennomført ein kraftverksstrategi for Trollheim kraftverk. Ein slik prosess vil danne grunnlag for regulantens forslag til framtidig drift av kraftanlegga i Folla-Vindølakonsesjonen og være eit innspel til revisjonsdokumentet. Denne prosessen er forventa å ta eit år.

Vi er positive til at det blir utarbeidd ein kraftverksstrategi for Trollheim og Gråsjø kraftverk. Ein slik strategi vil truleg vere eit nyttig verktøy for ei god drift av anlegget i framtida. Vi vil understreke at vi meiner det er viktig å få avklart noko av grunnlaget for ein slik strategi – nemleg dei nye konsesjonsvilkåra, før ein strategi kan besluttast heilt og fullt. Vi vil likevel understreke vår klare forventning om at vilkårsrevisjonsprosessen følgjer eit akseptabelt tempo. Signal om at ein skal avvente ytterlegare forskningsresultat og ferdigstilling av kraftverksstrategi er for oss ikkje akseptabelt. Ferskvassbiologiske undersøkingar har pågått i Surna sidan 2002 med publisering av forskningsresultat i ei rekkje fagrapportar undervegs. Siste feltsesong er i 2013. NINA, som utfører arbeidet, opplyser at ein ikkje forventar at vesentlege nye moment kjem fram. Dette skulle tilsi at den naturfaglege kunnskapen om tilhøva i Surna er tilstrekkeleg allereie.

Hovedformålet med ein revisjonsprosess er å betre miljøtilhøva i berørte vassdrag og magasin av omsyn til almenne interesser og verdier. Gjeldande retningslinjer for vilkårsrevisjonar er tydeleg på at saker i Nasjonale laksevassdrag som Surna skal prioriterast. Med utgangspunkt i dette, og kravet frå kommunane, bør NVE sørge for at den vidare prosessen fram mot nye konsesjonsvilkår i Trollheim kraftverk skjer i eit raskt tempo med tydelege milepelar.

Med helsing

Mons Otnes
Ordførar i Surnadal

Ola T. Heggem
Ordførar i Rindal

Kopi til:

NVE Region Midt

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vannregionmyndigheita i Møre og Romsdal

Fiskeraksjonen v/ Kjell Ulf Lund

Vestre Rosten 81

Fylkeshuset

Fylkeshuset

Tellesbø

7075

6404

6404

6650

TILLER

MOLDE

MOLDE

SURNADAL